



Gripsgård Bygg AS
Rosslandsvegen 364A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3345 - 22/32236

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
27.04.2022

Løyve til oppføring av driftsbygning i landbruk - gbnr 349/13 lo

Administrativt vedtak: Saknr: 465/22
Tiltakshavar: Lis Mølmesdal Larsen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Det vert gjeve løyve for oppføring av driftsbygning i landbruk på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 27.01.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 20-4.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av driftsbygning i landbruk med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 78m² og bygd areal (BYA) ca. 44 m². Utnyttingsgrad etter aktuelt tiltak vil framleis vere svært låg.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.04.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 21.04.2022 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for Meland 2015 – 2026 er definert som LNF (landbruk-, natur- og friluftsføremål).

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå kommuneplan.

Uttale frå anna styresmakt

Vestland fylkeskommune avdeling for infrastruktur og veg har 24.02.2022 gitt dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5316 levegen for å etablere driftsbygning.

Hovudvilkår for dispensasjon er at tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan datert 27.01.2022.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 27.01.2022.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 37,6 meter. Vegstyresmakta har i vedtak gjeve dispensasjon til plassering 37 meter frå offentleg veg.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet frå Vestland fylkeskommune.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3345

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gripsgård Bygg AS

Roslandsvege 5918
n 364A

FREKHAUG

Lis Mølmesdal Larsen

IEVEGEN 187 5917

ROSSLAND